

SOGNEKRAFT AS
Røysavegen 1
6893 VIK I SOGN

Vår dato: 25.03.2021
Vår ref.: 202101173-4
Arkiv: 312
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Henrik Hveding

Sognekraft AS - Løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet for Store Trastedalsvatn i Sogndal kommune

Vi syner til dykkar søknad av 8.1.2021 om løyve til mellombels avvik frå manøvreringsreglementet for Store Trastedalsvatn.

Om søknaden

Konsesjon for regulering av Store Trastedalsvatn var opprinneleg gitt til Leikanger sognekommunale elektrisitetsverk i 1932, og blei nytta som reguleringsdam for ein no nedlagt kraftstasjon i Henjaelvi, og til å magasinere drikkevatt til Leikanger kommune. Sognekraft AS overtok ved kongeleg resolusjon 17.6.2016 løyve til å regulere Store Trastedalsvatn 4,5 m, som ein del av utbygginga av Leikanger kraftverk.

I følge manøvreringsreglementet for reguleringa kan Sognekraft nytte vatnet mellom HRV og HRV – 2 m (1008,8 – 1006,8) i Leikanger kraftverk, medan vatnet under dette skal vere reservevatn for Leikanger vassverk (1006,8 – 1004,3). Løyvet til regulering av magasinet har ikkje vore nytta på mange år.

Som ein følge av at eksisterende dam ikkje tilfredsstiller gjeldande krav til damsikkerheit har NVE stilt krav til oppgradering av damanlegga ved magasinet, og tekniske planar for fornying av damanlegga vart godkjent av NVE 19.3.2020.

- Rehabiliteringa av Dam Store Trastedalsvatn inkluderer følgjande:
- Påstøyp av betong på damkrone og oppstraums side av dammen
- Etablering av ny og utvida overløpsdam
- Nytt tappearrangement via bora tappeløp under dammen, eller sprengt tunnel med nytt ventilhus nedstrøms røret
- Tiltak for å senke vasstanden i magasinet i byggetida (kanal eller hevert, samt fangdam)
- Etablering av energikjelde, samt styring og kommunikasjon til ventilar

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



I samband med dei planlagde rehabiliteringsarbeida vil det være nødvendig å senke vasstanden i magasinet. Liten tappe-/flaumavleiingskapasitet er ei av utfordringane ved dagens anlegg, og noko av det som skal oppgraderast i samband med rehabiliteringa. For å oppnå tilstrekkeleg låg vasstand i magasinet planlegg Sognekraft å gjennomføre arbeida på følgjande måte:

- Nedtapping av magasinet gjennom eksisterande tappeanordning frå ca. 1.4.2021 til så nær LRV som mogleg før snøsmeltinga startar.
- Når snøsmeltinga våren 2021 startar, vil magasinet bli fylt delvis opp att på grunn av lav kapasitet i dagens tappeløysing.
- Så snart anleggsområdet er tilnærma snøbart vil entreprenør starte arbeidet med å etablere ein mellombels tappeløysing/flaumavledning med større kapasitet, som kan halde magasinet så nær LRV som mogleg gjennom anleggsperioden. Det er foreslått to alternative løysningar:
 - Etablering av hevert (foretukke løysing)
 - Alternativ løysing med utviding av eksisterande flaumløp i sprengt kanal
- Når magasinet er tappa ned mot LRV vil det bli etablert ein låg fangdam med topp kote 1005,5 oppstraums eksisterande dam, for å ha ei tørr byggegrop for rehabiliteringsarbeida ved dammen.
- Det er lagt til grunn at vasstanden i magasinet skal haldast 0,7 m under topp fangdam under heile perioden med rehabilitering, noko som tilseier av vasstanden kan nå opptil kote 1004,8 i anleggsperioden.
- Den mellombelse tappeanordninga vil bli etablert slik at magasinvasstanden ikkje kan gå under LRV.
- Sognekraft har som målsetjing at anleggsarbeida ved dammen skal vere ferdig innan utgangen av 2021, og at fangdammen då kan fjernast og magasinet fyllast opp att ved naturleg tilsig.
- Dersom ver-, snøforhold eller andre årsaker fører til at anleggsarbeida ikkje vert ferdigstilt i 2021, må magasinet tappast ned på nytt i 2022 for ferdigstilling av anlegga. Lengde på perioden med nedtappa magasin i 2022 og kor langt ned det må tappast i 2022, vil avhenge av kva type og kor mykje arbeid som eventuelt står att. Det vil likevel ikkje bli behov for tapping under LRV.
- Dersom det er attståande arbeid som må utførast i 2022 er det venta at dette vil vere knytt til ny overløpsterskel, og at den nye tappeløysinga då kan nyttast til eventuell senking av magasinet.

Høyring

På grunn av det avgrensa omfang saka har, er ho ikkje kunngjort lokalt. NVE har vore i kontakt med lokale styresmakter for å få deira syn på saka, og meiner at saka er godt nok gjort greie for ved dette.

Sogndal kommune uttalar i e-post av 11.3.2021:

*«Dykkar ref: 202101173
Vårt saksnr. 21/312*

Sogndal kommune har ikkje merknader til tiltaket ut frå omsyna til forvalting og behov for drikkevassreservar.»



Statsforvaltaren i Vestland uttalar i brev av 3.2.2021:

«Vi har ingen merknad til søknad om mellombels løyve til senking av Store Trastadalsvatnet.

(...)

Vår vurdering er at dette er eit tiltak med stor samfunnsverdi, og det må akseptast noko mellombels ulempe for allmenne interesser. Vi reknar ikkje med at fiskestamma eller anna naturmiljø knytt til vatnet vil bli nemneverdig påverka av avviket frå reglementet.»

NVE si vurdering

Søknaden gjeld eit mellombels løyve til å senke vasstanden i Store Trastadalsvatnet ned til LRV. Den planlagde senkinga må gjerast på grunn av vedlikehald av Dam Store Trastadalsvatn. I følge manøvreringsreglementet for reguleringa, fastsett ved kgl. res. 17.6.2016, kan Sognekraft nytte vatnet mellom HRV og HRV – 2 m (1008,8 – 1006,8) i Leikanger kraftverk, medan vatnet under dette skal vere reservevatn for til Leikanger vassverk (1006,8 – 1004,3). Arbeidet som er planlagt gjer det nødvendig å senka vatnet ned til LRV og derfor bryta grensa på HRV – 2 m, frå punkt 2 i manøvreringsreglementet. NVE kan gi løyve til avvik frå manøvreringsreglement i medhald av vassressurslova § 8 når føremålet er naudsynt reparasjons- og vedlikehaldsarbeid. Tiltaket ligg etter vårt syn inn under dette føremålet.

For å få sak tilstrekkelig opplyst har NVE sendt søknaden på høyring til Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune og Sogndal kommune. Vestland fylkeskommune har ikkje sendt inn høyringsutsegn.

Statsforvaltaren skriv at dette er eit tiltak med stor samfunnsverdi, og at nokon mellombelse ulemper for allmenne interesser burde akseptast. Ei av dei mellombelse ulempa ved dette tiltaket er nedtapping av vatn som er satt av til reservevatn for Leikanger vassverk. Søkar skriv i søknaden at det er oppretta ei mellombels løysing med drikkevassforsyning frå grunnvassbrønner for å unngå problem med forureining av drikkevatt i anleggsperioden. Dette, saman med Sogndal kommunes høyringsutsegn, gjer grunn til å tru at det ikkje vil oppstå store problem med drikkevatt på grunn av tiltaket.

Ein anna ulempe ved tiltaket er at gyting i sidebekkar kan bli negativt påverka av å senke vatnet. Søkar skriv at nedtapping av magasinet i gytesesongen kan medføre at gyting i bekk ikkje kan skje den aktuelle sesongen. Søkar opplyser at vatnet til ein viss grad blir nytta til fritidsfiske og skriv vidare:

«I følge vassdragsrapport i samband med Samla plan, 315 Henjaelva (1984), bestod bestanden av stor aure med middels kondisjon. Vi har ikkje oppdatert informasjon om bestanden i vatnet. Senking av vasstanden gjennom ein sommarsesong vil medføre at det vil bli mindre tilgang på næring i strandsona, og det kan ventast låg tilvekst på fisken denne sesongen. Vi har ikkje oppdatert dokumentasjon på kva bekkar som vert nytta til gyting, eller om det eventuelt kan vere innsjøgyting i Store Trastadalsvatn, men den nordre delen avmagasinet har forholdsvis bratte sidekantar, medan det i sør er ein innløpsbekk i slakare terreng. Nedtapping av magasinet i gytesesongen kan medføre at gyting i bekk kan utebli den aktuelle sesongen. Dersom det er mykje fisk i vatnet vil ikkje eit år med uteblitt gyting nødvendigvis vere negativt for bestanden.»

NVE er samd i at bekkane i den nordre delen av vatnet mest sannsynleg er for bratte for gyting, medan bekken i sørleg ende av vatnet kan være aktuell for gyting. NVE registrerer at fylkeskommunen, som har ansvar for innlandsfisk, ikkje har sende inn noko fråsegn i høyringsrunda og vurderer dermed at fisket i vatnet ikkje er av stor allmenn betydning. NVE vil også påpeike at arbeidet er eit viktig tiltak for å sikre at dammen tilfredsstiller gjeldande krav til dampsikkerheit.



NVE meiner at vurderingane er i samsvar med dei prinsippa i naturmangfaldlova som skal ivaretakast når det vert gjort vedtak, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. NVE vil i den anledning påpeike at tiltaket er mellombels og at det må akseptast nokon mellombelse ulemper for allmenne interesser. NVE kan heller ikkje sjå at tiltaket er i strid med forvaltningsmålet for artar eller økosystem, jf. naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Ved å ta omsyn til forholda nevnt over, kan ikkje NVE sjå at ein mellombels senking av Store Trastedalsvatn er til skade for nokon kjende allmenne interesser.

Konklusjon

NVE gjev løyve til at Sognekraft AS kan senke Store Trastedalsvatn ned til LRV over ei periode på inntil ni månadar i 2021 og eventuelt ytterlegare inntil fire månadar i 2022. Løyvet blir gitt i perioden 1.4.2021-30.09.2022 med oppdeling som beskrive i søknaden. Løyve er gitt i medhald av vassressurslova § 8.

Løyvet blir gjeve på desse vilkåra:

- Kravet til minstevassføring på utbyggingsstrekninga skal overhaldas i alle periodane.
- Alle endringar i vassføringa skal skje med mjuke overgangar.
- Det skal førast protokoll over vasstanden i magasinet i det tidsrommet vasstanden er under LRV.
- Perioden med lav vasstand må gjerast så kort som mogleg. Oppfylling til normal vasstand skal skje så raskt som mogleg etter at arbeida er avslutta.
- Nedtappinga skal kunngjerast ein gong lokalt i god tid før nedtappinga startar.
- Det skal skiltast ved dammen for å opplyse folk at vatnet er nedsenka for vedlikehald og for å sikre tryggleik.
- NVE føreset at Sognekraft AS har ordna dei privatrettslege tilhøva som eventuelt måtte bli skadelidande som en følge av tiltaket.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Det kan vere utfordringar knytt til koronaviruset. Dersom det ikkje er mogleg å sende ein klage innan tre veker, må de sende ein grunngjeven søknad om utsett klagefrist til nve@nve.no. De kan også finne informasjon om fristar i samband med koronaepidemien på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Med helsing

Inga Katrine Johansen Nordberg
avdelingsdirektør

Brit Torill Haugen
fungerande seksjonssjef



Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Kopi til:

SOGNDAL KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND



Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no . NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: Skrive kva for vedtak du klagar på. Skrive kva for eit resultat du ønsker. Opplyse om du klagar innanfor fristen. Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.

